

NVE – Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

25.03.2014

Søknad om konsesjon for bygging av Gimsdalselva kraftverk

Gimsdalselva fallrettslag ønskjer å nytte vassfallet i Gimsdalselva elva i Sykkylven kommune i Møre og Romsdal fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

I Etter vannressursloven, jf. § 8, om løyve til:

- å byggje Gimsdalselva kraftverk
- å overføre vatn frå Tverrelva til inntaksdam i Gimsdalselva

II Etter energiloven om løyve til:

- bygging og drift av Gimsdalselva kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner som skildra i søknaden.

(Viss ein ikkje vert samd:)

III Etter oreigningslova jf. § 2, nr.51:

- bygging og drift av Gimsdalselva kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing

Styret for Gimsdalselva fallrettslag

Ved


Else Marie Rønning

Leiar


Karl F. Blindheim


Eivind Nyborg

Myrebakken 44
6230 Sykkylven
emr@ekones.com
99283757

Kyrkjevegen 213
6230 Sykkylven
91744733

Kyrkjevegen 115
6230 Sykkylven
eivind.nyborg@nyborgfan.com
92600684

Samandrag

Kraftverk med inntak på kote 455 og kraftstasjon på kote 150, med brutto fallhøgde på 305m. Middelårsproduksjon er rekna til 12,5 GWh og med maks installert effekt på 4 MW. Planlagd røyrgate vert ca. 2300 m. Røyr DN800.

Inntaksbassenget vil få eit areal på ca. 750 m² og eitt oppdemt volum på ca 1.500 m³. Høgde på dam vil bli omlag 5 m. Dammen er ikkje tenkt som noko reguleringsmagasin og vil derfor bli køyrd på vasstandsregulering.

Det er søkt om overføring av Tverrelva, den vert leia inn i inntaket oppstrøms dammen. Omlegginga vert i form av ein ny elvestreng på 30 m.

Bygging av kraftverk vil gi fylgjande inngrep i området:

Ved inntaket må det byggjast ein mindre dam, samt overføring av Tverrelva, i ei lengd av omlag 30 m. Tørrlegging av eksisterande elvelaup på Tverrelva, ca. 90 m.

Frå inntaket og ned til dagens hytteområde/sæter på omkring kote 400 skal det leggst røyrгатetrase ilag med ein tilkomstveg parallelt, i ei lengde av ca. 700 m.

Frå hytteområdet(kote 400) og ned til kraftstasjonen vil mesteparten av røyrгата kunne leggst parallelt med eller i dagens sætreveg.

Det siste stykket frå sætervegen og ned til den planlagde kraftstasjonstomta må det byggast 130 m med røyrгатetrase og veg ilag. Sjølve tomта til kraftverket blir ved elvebredda på kote 150.

Frå kraftverket skal det leggst kabel fram til tilknytingspunkt på 22 kV- linjenettet, i ein nettstasjon under Heiane. Grunna bygging av ny trafostasjon på Heiane (i forbindelse med ny linje Ørskog-Fardal) vil avstanden til tilknytingspunktet bli cirka 600 meter.

Det er tenkt sleppt minstevassføring tilsvarande “alminneleg lågvassføring”, som for området er utrekna til 8 l/km². I tillegg kjem her til restvassføring nedstrøms inntaket. Samla sett meiner vi dette bidreg positivt til elevstrengen, sjølv om biologisk rapport ikkje påpeikar “spesielle” funn som er heilt avhengige av eit slik slepp.

Området kor kraftverket er tenkt plassert og røyrtraseen er plassert er mykje nytta til turgåing. Sjølve kraftstasjonen er plassert utanom dagens turvegar noko som medfører at den har svært lite innsyn.

Vegen oppstrøms kraftverket vil bli rusta opp og dette er positivt for dei som nyttar denne.

Frå inntaket og ned til sætra vil røyrtraseen og tilkomstvegen verte synleg.

Inntaksdammen er det som vil vere synleg når røyrгатetraseen er tilgrodd.

Vassføringa i elva mellom inntaket og kraftverket vil bli synleg redusert som følge av den vassmengda som blir overført til røyrгата.

Biologisk rapport påpeikar ikkje noko “spesielle påvisingar” sjølv om den viser til førekomst av Fossekallen i elva, spor etter kvitryggspette og førekomstar av 1 nasjonale raudlista art.

Kystfuruskogen og ei grunn elevkløft med kulturbetinga naturtypar, verdi C.

Ingen påviste kulturminner vert råka av sjølve utbygningsplanane.

Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Om søkjaren.....	4
1.2	Grunngjeving for tiltaket.....	4
1.3	Geografisk plassering av tiltaket.....	4
1.4	Skildring av området.....	5
1.5	Eksisterande inngrep.....	6
1.6	Samanlikning med nærliggande vassdrag.....	7
2	Omtale av tiltaket.....	11
2.1	Hovuddata.....	11
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativet.....	12
2.3	Kostnadsoverslag.....	23
2.4	Fordelar og ulemper ved tiltaket.....	24
2.5	Arealbruk og eigedomsforhold.....	24
2.6	Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar.....	26
3	Verknad for miljø, naturressursar og samfunn.....	29
3.1	Hydrologi.....	30
3.2	Vasstemperatur, isforhold og lokalklima.....	33
3.3	Grunnvatn.....	34
3.4	Ras, flaum og erosjon.....	34
3.5	Raudlisteartar.....	35
3.6	Terrestrisk miljø.....	36
3.7	Akvatisk miljø.....	38
3.8	Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag.....	39
3.9	Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON).....	39
3.10	Kulturminne og kulturmiljø.....	41
3.11	Reindrift.....	41
3.12	Jord- og skogressursar.....	41
3.13	Ferskvassressursar.....	41
3.14	Brukarinteresser.....	41
3.15	Samfunnsmessige verknadar.....	42
3.16	Kraftliner.....	42
3.17	Dam og trykkroyr.....	42
3.18	Ev. alternative utbyggingsløysingar.....	42
3.19	Samla vurdering.....	44
3.20	Samla belastning.....	44
4	Avbøtande tiltak.....	45
5	Referansar og grunnlagsdata.....	46
6	Vedlegg til søknaden.....	46

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Prosjektet er så langt gitt namnet Gimsdalselva kraftverk, men det vert teke atterhald om at dette kan bli endra undervegs.

Tiltakshavar er eigarane av gnr. 15, 16, 17 og 18 i Sykkylven kommune. Både stasjon og røyrgate er planlagt på tiltakshavarane sin grunn.

Det har vore jordskifterett om fallrettane for Gimsdalselva. Etter jordskifte vart det stifta eit fallrettseigarlag og fallrettane vart delt likt mellom Vik og Blindheim og deretter etter skyld på bruka.

Fallrettseigarlaget er alt stifta, formelt vart dette gjort i jordskifteretten 1. februar 2007. Det er lagt ved kopi av protokollen frå rettsmøtet, vedtekter for "Gimsdalselva fallrettseigarlag" inngår som ein del av protokollen. Dersom kraftverket får konsesjon, vil styret starte arbeidet med å klargjere vilkåra for å danne eit driftsselskap og forslag til avtale mellom fallrettseigarlaget og driftsselskapet.

Søknaden sendes inn av Gimsdalselva fallrettseigarlag v/styret.

1.2 Grunngeving for tiltaket

Fallrettseigarane til Gimsdalselva ønskjer å utnytte naturressursen som er knytt til deira gardsbruk, her gjennom fallrettar, til kraftproduksjon.

Området er eit typisk jordbruksdistrikt og har som mål å føre vidare eit aktivt landbruk til neste generasjon. Det er ynskjeleg å styrke næringsgrunnlaget til gardsbruka for å styrke dei til å møte framtidige utfordringar og dermed gjer dei meir attraktive for framtidige drivarar. Dei siste åra har mange bruk i nærområdet blitt lagt ned, og det har blitt færre bruk som vert aktivt drivne. Ei slik utbygging vil vere med å snu denne trenden og styrke oppretthalding av busetnadar i lokalsamfunnet.

Samstundes som ei slik utbygging vil gje ekstrainntekter til eigarane, gjev den også skattar og avgifter til kommune og stat.

Vidare ser vi på etablering av fornybar rein energi som eit viktig bidrag til politiske målsettingane nasjonalt og internasjonalt om redusert utslipp av co2 og større del fornybar energi.

Det har ikkje tidlegare vore søkt om utbygging i vassdraget.

Kraftverket vil og hjelpe på kraftbalansen lokalt, både i Sykkylven og i Møre og Romsdal/ Midt-Noreg. Kraftverket ligg gunstig til for innmating til det lokale fordelingsnettet i Sykkylven, og det er kapasitet i hovudnettet til å ta mot krafta som vert produsert. Gimsdalselva kraftverk vil ha ein normal årsproduksjon på ca. 12,5 GWh, og ein effekt på ca. 4 MW.

Ved at dette kraftverket, og andre småkraftverk som er til vurdering, vert bygd ut vil denne andelen kunne auke. Sjølv om alle aktuelle prosjekt det vert arbeidd med skulle bli realisert vil likevel ikkje Sykkylven kommune kunne bli fullt ut sjølvforsynt med kraft.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Det planlagde kraftverket ligg i Sykkylven kommune i Møre og Romsdal fylke. Frå Sykkylven sentrum og fram til det planlagde kraftverket er der ca. 4,5 km avstand. Nærmaste by er Ålesund, ca. 30 km.

Frå R60 går det i dag to gards -og sætrevegar fram til området for tenkt kraftstasjonsplassering, ein på kvar side av elva.

For å kome heilt fram til Gimsdalen må vegen nord for elva nyttast, denne startar i Vikedalen. I dag går ikkje denne vegen heilt fram til det planlagde inntaket.

Inntaksdammen skal byggast på ca. kote 455, det må byggast veg frå sætreområdet i Gimsdalen, fram til inntaksdammen, på austsida av elva.

Vegen til Gimsdalsøylen er i dag stengt med bom, og det må gjerast avtale med grunneigar om det er ønskeleg å køyre inn i området.



Fig 1 viser kraftverket plassering i forhold til som nærmaste tettstad, Sykkylven sentrum. R60 går langs fjorden på høgre side(raud linje).

1.4 Skildring av området

Vassdrag Vikeelva, vassdragsnummer 097.721Z. Vassdraget ligger på sørsida av Storfjorden på Sunnmøre, og renner vest- og nordover frå Gimsdalen og Straumsdalen. Elvane Gimsdalselva og Straumsdalselva renn saman lengre framme i Vikedalen og dannar Vikeelva. Denne elva renn vidare ut dalføret og ut i Sykkylsfjorden på Vikøyra sør for Aure sentrum.

Heile området rundt det planlagde kraftverket er avgrensa av fjell på alle sider unntatt utløpet av dalføret. Her finn ein kulturlandskap, med ein del dyrka jordbruksareal, på begge sider av elva. Nede ved fjorden er der industriområde og bustadfelt knytt til sentrum og R60. Sykkylven er elles prega av liknande landskap med industri- og bustadområder langs heile Sykkylvsfjorden. Spesielt møbelindustri er eit kjenneteikn for kommunen.

Oppe i liene står skogen tett og omkransar kulturlandskapet og høgfjellsområda dannar bakgrunn i landskapsbildet.

Bjørk dominerar i dei fjellnære områda, men i liene lenger nede finn ein furublandingsskog og plantefelt med gran.

Gimsdalselva har sitt utspring i Grønevatna inst i Gimsdalen.

Området oppstrøms inntaket ligg over tregrensa og består av spreidd fjellbjørk, en del våtmark og myr øst i nedbørsfeltet.

Elva er godt synleg frå sætreområdet og innover mot inntaket. Sjølve fossen og resten av elva frå sætreområdet og ned til kote 255 er lite synleg frå sætrevegane grunna attgroing, lite tilgjengeleg og manglande innsyn. I den vestvendte delen, nedanfor Gimsdalsfossen, er elva kupert og oppdelt i mange små fossar, gjel og juv. Elvebotnen består av større og mindre steinar og blokker i og langs med elvestrengen. Grunna botnsubstratet er elva lite eigna som gyteområde for fisk då her ikkje finns finstoff på elvebotnen.

Ved kote 240 flater elva ut samtidig som den gradvis svingar nordvestover dalen fram mot samløpet med Straumsdalselva som kjem frå Straumsdalen.

Frå sæterområdet og ned til kote 150 består området i store trekk av kystfuruskog og boreale lauvskog.

Frå dette samlaupet føl elva dalbotnen.




Fig. 2 Vikeelva midt i dalføre der ho kjem frå Straumsdalen og Gimsdalen. I vest renn ho gjennom Vikøyra og ut i fjorden. På fjellpartiet i aust(Heiane) ser vi koplingsstasjon til den nye 425 kV linja mellom Fardal – Ørskog.

1.5 Eksisterande inngrep

Utlagde jordskiftevegar og seinare opparbeidde vegar:

I dag er der ein sætreveg på nordsida av elva, fram til Gimsdalssætra. Vegen har god standard.

Hyttfelt

Det gamle sætreområdet på Gimsdalen er i dag eit hyttfelt først og fremst for grunneigarane.

Andre hytter

Det ligg ei gamle og ei hytte ovanfor det planlagde inntaket, i nedbørsfeltet til kraftverket.

Verna støl, kulturminne

Det ligg eit verna kulturminne i området på austsida av elva, denne er omtala i vedlegg 10. Arkeologiske registreringar er gjort i SEFRAC og Askeladden og merka av i kartverket.

Kraftliner:

Den nye kraftlinja mellom Ørskog og Fardal går gjennom området i utkant, nordvest for dalføre.

1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag

Det er ikkje bygd ut andre kraftverk i det omsøkte vassdrag.

I same området er ma. Kroken, Aurdal, Huna1 og Huna2 kraftverk under konsesjonsbehandling.

Av andre kraftverk i umiddelbar nærleik nemnast Drivdalselva og Brunstad i Velledalen, Hatlemark og Ramstaddal i Sykkylven og Fausa og Embla kraftverk i Stranda kommune.

De største kraftverka i distriktet er Bjørke Kraftverk (Tussa kraft) og Tafjordanleggene (Tafjord kraft) og Riksheim på andre sida av fjorden.

Felles for de andre kraftverka i distriktet er at vatnet i stor grad blir regulert av innsjøar i fjellet. Dette er ikkje tilfelle for Gimsdalen.

Høgdeforskjellen i nedbørsfeltet varierer mellom 448 og 1267 meter og består av snaufjell med myrlandskap. Myrlandskapet bidreg til å dempe og stabilisere vassføringa i elva.



Fig. 3 Syner kart med innteikna kraftanlegg i området rundt Gimsdalselva i Sykkylven




Fig. 4 Innsyn i naturbasen. Det lysegrøne feltet i aust er INON-område 1. Kulturminneregistrering aust for Gimsdalselva og Gimsdalssætra. Dette vert ikkje råka av utbygginga.

Henta frå biologisk rapport.

“Den jevne topografien til nedbørfeltet og små kjente forskjellar i for eksempel berggrunnsforhold, gjør at det er grunn til å anta at naturtyper som ligger i undersøkelsesområdet mellom 200 og 400 m o.h. også er relativt godt dekt opp andre steder i nedbørfeltet i Vikedalen sett under ett. Unntaket vil være selve vannstrengen og arealene i den grunne elvekløfta. Under 200 m o.h. er det flere kulturbetingede naturtyper (kulturenger, kulturbetingede granplantasjer) og enkelte boreale lauvskogstyper (gråor-heggeskog) som er dårlig dekt opp andre steder i nedbørfeltet. Noen omfattende sammenligning med andre vassdrag i distriktet er ikke gjort. Det er grunn til å trekke fram at ingen av de påviste naturtypene eller artene i nedbørfeltet til Gimsdalselva virker spesielt sjeldne eller unike for distriktet/regionen. Kystfuruskog og boreale lauvskoger er vanlige miljøer i dalen, men forekommer utvilsomt mange flere steder (jfr. Holtan 2003). Det er grunn til å anta at også for disse naturtypene forekommer bedre lokaliteter andre steder i distriktet. Ingen vassdrag som drenerer til disse delene av Storfjorden er vernet, og de har lignende berggrunn, klima og topografi. De naturfaglige beskrivelsene (jfr. Holtan 2003) tyder på at de dekker godt opp miljøvariasjonen som er kjent i Gimsdalselva.”

Det er utført søk i naturbasen for desse søkekriteriane i utbygningsområdet:

Utvalgte naturtyper.	Ikkje funn.
Prioriterte artar.	Ikkje funn.
Verneområde.	Ikkje funn.
Verneplanar for vassdrag.	Ikkje funn.
Naturtypar.	Ikkje funn.
Heilheitleg kulturlandskap.	Ikkje funn.
Inon.	Funn i avrenningsområde.

Funn øst for Gimsdalssætra, på austsida av elva.

Funn i databasesøk, Biologisk rapport peikar eit tilfelle av funn.

Hydrologi

Feltareal ved inntak kote 448: ca. 10,1 km² (areal beregnet frå kart i målestokk 1:50 000), se figur 1.

Høydeforskjell i feltet: 448 - 1 267 moh.

Effektiv sjøprosent (forklaring vedlegg 3): 0,0 %.

Snaufjellandel: 90 %.

Normalavløp og årsavløp: NVEs digitale avrenningskart for perioden 1961-1990 gir spesifikt normalavløp (definisjon vedlegg 3) i Gimsdalselva på 86 l/s·km², som tilsvarer estimert årlig middelavløp på 86 l/s·km² · 10,1 km² = 869 l/s = 0,87 m³/s. Dette tilsvarer et midlere årsavløp på 27,4 mill. m³/år. Avrenningskartet har en usikkerhet på opp mot ± 20 %, som i Gimsdalselva tilsvarer et intervall på ca. 695 l/s til 1 042 l/s.

Hydrologisk regime: Vassdraget har dominerende høst- og vinterflommer. Lavvannføringer inntreffer som oftest om vinteren.




Fig. 5 Avrenningsområdet til Gimsdalselva kraftverk. Kartutsnittet er henta frå NVE rapporten.



Fig. 6 Oversikt over nedbørfelta til samanlikningsfelta og Gimsdalselva.

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

Tabell 1. Data for kraftverket

Gimsdalselva kraftverk, hovuddata				
TILSIG		Hovudalternativ	Ev. alt. 2	Overføringer
Nedbørfelt*	km ²	10,1		
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	23,34		
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	86		
Middelvassføring	m ³ /s	0,87		
Alminnelig lågvassføring	m ³ /s	0,080		
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m ³ /s	0,303		
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,071		
Restvassføring**	m ³ /s	0,225	Ved kote 1177	
	m ³ /s	1,400	Ved kote 150	
KRAFTVERK				
Inntak	moh.	455		
Magasinvolum	m ³	1500		
Avløp	moh.	150		
Lengde på råka elvestrekning	m/km	3023		
Brutto fallhøgd	m	305		
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	0,64		
Slukeevne, maks	m ³ /s	1,47		
Slukeevne, min	m ³ /s	0,05		
Planlagt minstevassføring, sommar	m ³ /s	0,081		
Planlagt minstevassføring, vinter	m ³ /s	0,081		
Tilløpsrøyr, diameter	mm.	800		
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-		
Tilløpsrøyr/tunnel, lengde	m	2300		
Overføringsrøyr/tunnel, lengde	m	30		
Installert effekt, maks	kW	4000		
Bruktid	timar	3060		
REGULERINGSMAGASIN				
Magasinvolum	mill. m ³	-		
HRV	moh.	-		
LRV	moh.	-		
Naturhestekrefter	nat..hk	-		
PRODUKSJON***				
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	3,75		
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	8,75		
Produksjon, årleg middel	GWh	12,5		
ØKONOMI				
Utbyggingskostnad (år)	mill. kr	41,43		
Utbyggingspris (år)	Kr/kWh	3,31		

*** Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå

Gimsdalselva kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		
Yting	MVA	4500
Spenning	kV	6,9
TRANSFORMATOR		
Yting	MVA	4500
Omsetning	kV/kV	6.9/22
NETTILKNYTING (kraftliner/kablar)		
Lengd	m	600
Nominell spenning	kV	22
Luftline el. jordkabel		Jordkabel Tsle 1x3x95

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

Detaljprosjektering og innhenting av tilbud til Gimsdalselva kraftverk kan medføre mindre endringer/tilpassingar når det gjeld tekniske løysingar.



Fig. 5 Plankart Gimsdalselva kraftverksprosjekt. Avrenningsfelt, restfelt, inntak, vassveg og kraftverk er teikna inn.



Fig. 6 Kartutsnitt fra 425 kV linjetraseen Fardal – Ørskog gjennom området. Ny koplingsstasjon er under bygging på Heiane(grønt punkt). Ma. skal produksjonen fra Gimsdalselva kraftverk matast inn mot overliggende nett via lokalnettet i område.

2.2.1 Hydrologi og tilsig (grunnlaget for dimensjonering av kraftverket)

På oppdrag for Sykkylven Energi AS har NVE, Hydrologisk avdeling, framskaffet hydrologiske data til bruk for planlegging av kraftverk i Gimsdalselva. Rapporten gir et overslag over vassmengdene som er tilgjengelige i nedbørfeltet. Målet er å gi utbygger i samråd med konsulent nødvendige hydrologiske data som gjør det mulig å planlegge etablering av små kraftverk.

Utklipp fra denne rapporten vert gjengitt her.

Vassdragsnummer (regine): 097.721Z

Vernestatus: Ikke vernet med hensyn på kraftutbygging.

Feltareal ved inntak kote 448: ca. 10,1 km² (areal beregnet fra kart i målestokk 1:50 000), se figur 1.

Høydeforskjell i feltet: 448 - 1 267 moh.

Effektiv sjøprosent (forklaring vedlegg 3): 0,0 %.

Snaufjellandel: 90 %.

Normalavløp og årsavløp: NVEs digitale avrenningskart for perioden 1961-1990 gir spesifikt normalavløp (definisjon vedlegg 3) i Gimsdalselva på 86 l/s·km², som tilsvarer estimert årlig middelavløp på $86 \text{ l/s} \cdot \text{km}^2 \cdot 10,1 \text{ km}^2 = 869 \text{ l/s} = 0,87 \text{ m}^3/\text{s}$. Dette tilsvarer et midlere årsavløp på 27,4 mill. m³/år. Avrenningskartet har en usikkerhet på opp mot $\pm 20 \%$, som i Gimsdalselva tilsvarer et intervall på ca. 695 l/s til 1 042 l/s.

Hydrologisk regime: Vassdraget har dominerende høst- og vinterflommer. Lavvannføringer inntreffer som oftest om vinteren.

Grunnlaget for alle hydrologiske beregninger er tidsserier av vannføring over en lang årrekke. Det eksisterer i dag ingen måling av vannføring i det aktuelle vassdraget, så videre analyser må baseres på en sammenligning og skalering med tidsserier for avløp fra målestasjoner i nedbørfelt med lignende avløpsforhold. Det er to aktuelle målestasjoner i området. Nedbørfeltene til sammenligningsstasjonene er inntegnet på kart i figur 2 sammen med Gimsdalselvas nedbørfelt.

Feltkarakteristika er vist i tabell 2.

Tabell 2. Feltkarakteristika

Stasjon	Måle- periode	Feltareal (km ²)	Snaufj (%)	Eff. sjø (%)	Q _N (l/s·km ²)	Q _m (l/s·km ²)	Høydeint. (moh.)
97.1 Fetvatn	1946 - 2006	89,2	47	1,5	89	85,0	1 - 1 582
104.23 Vistdal	1975 - 2006	66,4	55	0,1	59	59,4	47 - 1 525
Gimsdalselva	-	10,1	90	0,0	86	-	448 - 1 267

Q_N betegner årsmiddellavrenningen i perioden 1961-90 beregnet fra NVEs avrenningskart.

Q_m betegner middellavrenningen beregnet for observasjonsperioden til målestasjonen

Målestasjon 97.1 Fetvatn ligger 4 km vest for Gimsdalselva. Feltet har større effektiv sjøprosent og feltareal enn Gimsdalselva. Trolig er selvreguleringsevnen til Fetvatn er større enn Gimsdalselva. Høydemessig stemmer stasjonen noenlunde overens med Gimsdalselva. Stasjonen har noe brendel og vil ha smelting utover hele sommer / høst. Ved Fetvatn er det observert vannføring daglig i perioden 1946 - 2006 og dataene er av god kvalitet, men litt usikker på lave vannføringer.

Målestasjon 104.23 Vistdal ligger 77 km nordøst for Gimsdalselva. Målestasjonens feltareal er litt større enn Gimsdalselva. Trolig er selvreguleringsevnen til Vistdal er litt større enn det som tilfellet i Gimsdalselva grunnet større areal. Høgdemessig stemmer stasjonen noenlunde overens med Gimsdalselva. Denne stasjonen har en lang observasjonsperiode fra 1975 - 2006 og data kvaliteten er litt usikker på middel og lave vannføringer.

På bakgrunn av de ulike stasjonenes feltegenskaper og datakvalitet er det antatt at 97.1 Fetvatn er mest representativ for forholdene i Gimsdalselva. Denne stasjonen er derfor benyttet videre i analysen.

Data som er presentert er tilpasset Gimsdalselva sitt nedbørfelt på 10,1 km² ved skalering med hensyn på feltareal og spesifikt normalavløp. Skaleringsfaktoren som er benyttet er:

$$(86 \text{ l/s} \cdot \text{km}^2 / 85,0 \text{ l/s} \cdot \text{km}^2) \cdot (10,1 \text{ km}^2 / 89,2 \text{ km}^2) = \underline{0,115}$$




Fig. 7 Variasjon i avrenningen fra år til år i Gimsdalselva.




Fig.8 Varighetskurve for heile året

Nedbørsfeltet gir ei middelvassføring på 0,87 m³/s ved inntaket ved ei gjennomsnittleg avrenning på 86 l/(s*km²).

På sommer og vintersesongen er middelavløpet på hhv 1,19 m³/sek og 0,64 m³/sek. Over året gir dette eit volum på 27,40 mill m³ vatn. Det er antatt at kraftverket eit normalt år kan nyttiggjere seg av ca. 70% av årsnedbøren.

Årsnedbøren er berekna dels ut frå hydrologiske grunnlagsdata henta frå NVE sin målestasjon ved vassmerke 97.1 Fetvatn, nedskalert med omsyn til feltareal og spesifikt normalavløp. Det er og brukt erfaringstal frå nedbør i Sykkylven Energi AS sine 3 kraftstasjonar i Sykkylven (2 stasjonar i Riksheimvassdraget, og 1 ved Årsetvatnet i Ramstaddal).

Gjennomsnittleg avrenning er forventa å vere om lag som i nedbørsfeltet ved Årsetvatnet, men noko høgare.

Det er ikkje brear i nedbørsfeltet. Innslag av myr gir likevel ei viss utjamning i vassføringa. Det er og eit par mindre vatn i nedbørsfeltet som bidreg til utjamning av vassføringa til Gimsdalselva (Grønevatna og Haugvatnet). Nedste del av elva er myrlandt og bidreg og til utjamning av vassføringa.

Det er gjennom utbygginga tenkt å nytte alt vatn som renn i elva ovanfor kote 455. Restvassføring mellom kote 455 og kote 150 vert då frå eit restfelt på ca. 1,8 km². Dette gir ei gjennomsnittleg restvassføring på ca. 145 l/s. I lag med eit slepp på 80 l/s med minstevassføringslepp vert dette 225 l/s ved kote 177.

Ved kote 180 renn Gimsdalselva saman med Straumsdalselva. Straumsdalselva har jamn vassføring på grunn av utjamning i Langenesvatnet, restvassføringa er såleis god mellom kote 150 og 180.

2.2.2 Overføringer

Det blir søkt om løyve til å føre Tverrelva inn i inntaksbassenget. Dette vil krevje ei mindre endring av elveløpet, sidan elveløpet til Tverrelva kjem inn i Gimsdalselva rett nedanfor den planlagde inntaksdammen.

Overføring av Tverrelva vil skje ved ei omlegging av elevløpet til Tverrelva, oppstrøms inntaket, ved å etablere/grave eit nytt elveløp i ei lengd av 30 m. Tørrlagt elveløp vert ca. 90 m.



Fig. 9 Tørrlagt elveløp, raud linje, omlagt elveløp lysblå stipla linje og svart stipla linje, damterskel.

Avrenningsarealet for Tverrelva er 1,37 km². Med ei avrenning på 86 l/km² vert det 117,8 l/s.

Produksjonen i eit middels år vert av dette: 300 kW og 0,93 GWh.

Årleg disp. vassmengd 3,72 mil.m³, energiekvivalent 0,71 kWh/m³.

2.2.3 Reguleringsmagasin

Det er ikkje planlagt noko form for reguleringsmagasin for dette kraftverket.

2.2.4 Inntak

Det skal byggast ein dam på tvers av elva på kote 455. På høgre side av damskiva, sett nedstrøms side, skal det byggast eit enkelt inntakskammer.

Inntakskammeret vil bli plassert ilag med damkonstruksjonen på austsida av elveløpet. Inntaket vert bygt som ei tradisjonell inntaksløysing med finvaregrind framfor konus. Bak konus, i eige lukka kammer, vert der ein stengeventil, lufterøyr og minstevassføringssystem. Trykksensorar inne i inntaksbassenget regulerer pådraget på maskina til ei kvar tid.

Dammen skal ha flaumoverlaup som leiar overskotsvatn og flaum trygt over inntaksbassenget og tilbake til elvelauget. Dammen vil bli utstyrt med tappelupe for tøming og utspyling av lausmassar som elva evt. fører med seg.

Sjølve inntaksbassenget vil få eit areal(neddemt areal) på ca. 750 m² og innholde ca. 1.500 m³ vatn. Lengd på neddemt område er ca. 50 m og bredde ca. 30 m. Høgda på damveggen ved overløpsterskelen vert ca. 5 m, på høgaste punktet.




Fig. 10 Inntaket til Gimsdalselva kraftverk. I forgrunn ser ein elveløpet til Tverrelva, som vi få nytt løp oppstrøms damterskelen, innteikna på bildet med blått.

Når stasjonen går for fullt vil inntaksdammen bli tømt på ca. 15 minutt dersom det ikkje er noko tilsig.

Tverrelva skal først inn i inntaket, oppstrøms damterskel. Denne elva har sitt opphavlege samlaup med Gimsdalselva på kote ca. 453. Det er planlagt ei lita omlegging av elvestrengen slik at elva vert leia inn i inntaksbassenget på kote 456-57. Sjå pkt. 2.2.2.

Det er tenkt slepp av minstevassføring .Sjolv om biologisk rapport påpeikar ei mindre betydinga av eit slik slepp meiner vi som søkar at dette er eit positivt bidrag som saman med avrenning frå restfeltet syter for ei viss vassføring i elva nedstrøms inntaket.

Det er tenkt sleppt minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring. Ein elektromagnetisk målar logger til ei kvar tids slepp av minstevassføringa og overfører data til kraftverkets pls-system for lagring. Sleppt minstevassføring blir vist i eige display på inntaket, tilgjengeleg for ålmenta til ei kvar tid.

2.2.5 Vassveg

Rørgate

Det omsøkte alternativet har ei rørgate på ca. 2.300 m. Vi antar at rørgatetrassen verte 10 -15 meter brei.

Frå kote 455 og ned til kote 420 (kryssing av elva nedanfor sætra). Terrenget består av morene og myr. Her vil rørgata gå på sørsida av elva og veg skal etablerast ved sida av rørgatetraseen. Det vil være behov for hogst av noko fjellbjørk under arbeid på denne traseen. Røyra skal gravast ned frå inntaket og ned til kraftstasjonen. I all hovudsak føl rørgata i og ved sida av dagens sætreveg. Også her vil det verte aktuelt med hogst av skog (I all hovudsak furu og gran) der rørgatetraseen går på sida av vegen. Sidan trasen i all hovudsak vil ligge i og ved sidan av vegen vil den i mindre grad verte eit inngrep i terrenget.

Eit lite stykke etter elvepasseringen, nedunder sætra, der vegen gjer ein sving og går vest-nordvest over i dalsida vil det måtte sprengast ut ein fjellknaus. Dette vert gjort for å forbetre radien/kurvaturen på røytraseen. Etter dette føl rørgata sæterevegen ned til Høyset.

Frå Høyset og ned til elva/kraftstasjonen vil det måtte opparbeidast veg parallelt med rørgatetraseen. Det vil være aktuelt med hogst av noko skog (i all hovudsak furu og gran).

Det kan bli aktuelt å legge duktile røyr, evt. også GRP-røyr i deler av traseen. Valet vert eit teknisk/økonomisk spørsmål som skal avklarast i prosjekteringsfasen.

NB! Rørgata vil bli lagt i lukka grøft og ikkje ope som sagt i rapporten om biologisk mangfald.

Dimensjonen på røyra er DN800, i forskjellige trykk-klassar. Lengd på rørgata vert ca. 2300 m.

Rørgatetraseen skal dekkast til med stadeigne massar og vil dermed få ei naturleg revegitering. Detaljplana(natur og miljø) vil beskrive framgangsmåten for bygging av ma. vassvegen med inngrep, massehandtering og revegitering. Dette blir gjort i planleggingsfasen.

Tunnel

For dette anlegget er der ikkje planar om tunell.

2.2.6 Kraftstasjon

Kraftstasjonen blir liggande på kote 150 og ikkje 180 som opplyst i biologisk mangfald rapporten. Avstand til næraste bustad er i underkant av 2 km.

Det blir sett opp eit frittstående bygg med saltak, som kraftstasjonsbygg. Veggane vil bli bygt i betong, med tak av tre (truleg også med torvtekke). Arealet vil avhenge av kva teknisk løysing som vert valt. Bygget vil bli bygt så lite som praktisk mogleg, det vil bli forsøkt tilpassa omgjevnadane i området der det skal byggast. Vi ser for oss at det er nødvendig med grunnflate på mellom 100 -150 m². Tomta til kraftverket blir i størrelse orden 0,7 -1 da.

Gjeldande krav og retningslinjer for støyforurensing skal føljest under utforming av bygget og det tekniske løysingar. Her kan ma. nemnast vasslås i avløpskanal.

Maskina vert truleg ei 6 strålars Peltonmaskin på 4 MW, med tilhøyrande synkrongenerator på 4.5 MWA og spenning 6,9 kV.

I tillegg skal det plasserast eigen stasjonstrafo 4,5 MVA 6,9/22 kV og høgspenbrytaranlegg for til -og frå kopling av anlegget om 22 kV- linjenett. Konfigurering vert gjort i prosjekteringsfasen i samråd med områdekonsesjonær og elmek-leverandøren.

Kraftverket skal knytast til det lokale 22 kV-forsyningsnettet som går gjennom området via høgspenkabel mellom kraftstasjonen og tilknytingspunkt (nettstasjon) i linjenettet.

Kravspesifikasjonar frå områdekonsesjonæren Sykkylven Energi AS skal nyttast som tilknytingskrav for anlegget.

På grunn av oppbygging av ny trafostasjon på Heiane (i forbindelse med ny linje Ørskog-Fardal) vil tilknytingspunktet flyttas noko i forhold til tidlegare planar. Avstanden til tilknytingspunktet blir ca. 600 meter.

2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket

Det er ikkje planar om effektkøyring. Det er planlagt kontinuerlig drift basert på tilsig til ei kvar tid. Dette grunna inntaksbassengets kapasitet og det faktum at det ikkje er søkt om reguleringsmagasin for anlegget.

2.2.8 Vegbygging

Frå kote 455 og ned til kote 415-420 (kryssing av elva nedanfor Gimsdalssætra) er det mest truleg berre morene og myr. Her må tilkomstvegen byggast ved sida av røyrkata.

Frå kote 415 og ned til kote 175 vil røyrkata følge eksisterande veg. Frå kote 175 og ned til kote 150 vil det måtte byggast ny tilkomstveg til kraftverket. Den skal veien følge røyrkatetraseen.

Eit stykke etter elvepasseringen, på kote 375 – 380, nedunder sætra, der vegen gjer ein sving og går vest-nordvest over i dalsida vil det måtte sprengast ut ein fjellknaus og vegen rettast noko ut. Dette vert gjort for å forbetre radien/kurvaturen til røyrtraseen.

Eksisterande veg skal oppgraderast til å tole anleggstrafikk og maskiner.

Nyetablering av veg skal byggast etter standard som gjer at den toler dei tyngste forekomande laster som skal transporterast på den.

Etter at anleggstida er ferdig skal alle vegar rustast opp til akseptabel standard. Dette gjeld også for tilhøyrande dreneringssystem.

I samband med bygging av anlegget må derfor desse vei løysingane gjerast:

Veg til kraftstasjon.

Det må byggast ny veg frå eksisterande veg på Høyset og ned til elva, vegen vil følge same traseen som røyrkata og vert ca. 130 m. Den nye vegen vil i hovudsak ligge på gnr. 17 bruk nr. 9 tilhøyrande Margit Elida Vik.

Veg til inntak.

Eksisterande veg skal nyttast opp til Gimsdalssætra, derifrå må det byggast ny veg fram til inntaket..

Ny veg vert her liggande på felles utmark og er berekna til å bli ca. 700 m lang. Vegen og røyrkata blir liggande i same traseen.

Dagens veg til Gimsdalssætra må oppjusterast noko, breidda må aukast med ca. 1 meter. Det er også behov for å forsterke deler av veg, vegskulder og veggrøfter for å takle anleggsmaskiner og anleggsdrift.

2.2.9 Massetak og deponi

I forbindelse med utskying av fjellknaus under Gimsdalssætra, ser en føre seg å nytte dette som fyllmasse i samband med vegbygging/forsterking og i røyrkatetraseen der dette kan brukast.

I samband med bygging av inntak vert det ein del gravmassar, som kan brukast til bygging av tilkomstveg. Det skal også nyttast utgravne massar til oppussing rundt inntaket når det er ferdig bygt. Alle andre overskytande massar må transporterast til godkjende deponi.

Massar frå traseen langs vegen skal nyttast ved tilbakefylling i den grad dette let seg gjennomføre. Andre overskytande massar vert køyrt til godkjend deponi.

Massar frå kraftstasjonstomt og tilhøyrande område skal nyttast i den grad dette er mogeleg, resten skal transporterast til godkjend deponi.

Det same gjeld for tilkomstvegen til kraftverket.

Det som elles er naudsynt av omfyllingsmassar skal tiltransporterast.

Overskotsmasse frå grøftetrase vil i den grad det er mogeleg bli arrondert i terreng i samband med tilstelling av områder der det har vore anleggsaktivitetar/drift.

For dette anlegget er det ikkje planar om masse eller deponi.

Alternative midlertidige deponi er merka av på arealplankartet.

2.2.10 Nettilknytning (kraftliner/kablar)

Sykkylven Energi AS er områdekonsesjonær i dette området. Utbygningsplanen er presenterte for dei. Tilbakemeldingane er positive med tanke på tilkopling og levering av straum på deira nett. I e-post frå energiverket heiter det ma.:

“Uansett vil budskapet være at det ikke foreligger kapasitetsbegrensninger i 22 kV-nettet til Sykkylven og at Gimsdalen må tilpasse sine anlegg til gjeldende krav fra SE og REN. Mtp kapasitet er situasjonen den samme i overliggende nett, der ny 425 kV-linje (driftssettes i 2014/2015) vil fjerne evt kapasitetsproblemer som har vært tidligere.”

Andre opplysningar angåande tilkopling er opplyst slik:

“Som jeg orienterte om i går, jobber vi med ei betydelig ombygging av hele vårt høgspennnett som følge av at ny hovedforsyning skal flyttes til Heiane.

I den forbindelse åpner det seg opp en mulighet for tilkobling i en av våre nye kabeltraseer.

I opprinnelig plan fra 2009, var tanken å etablere ca. 2200 meter med ny kabelgrøft nedstrøms kraftverket, for tilkobling til vårt HS nett.

Vi ser at ei alternativ tilkobling kan være der ”Heiane-kablene” treffer Gimsdalsveien. Avstanden her er om lag 600 meter, dvs 1600 meter mindre enn opprinnelig tenkt.

Ved dette alternativet, vil det måtte etableres en ny nettstasjon, men kostnaden med ny nettstasjon er langt lavere enn 1600 meter ekstra kabelgrøft.

Det er skummelt å bli for konkret i forhold til tallstørrelser, men slik vi estimerer det, vil tilknytningskostnadene bli redusert med flere 100-tusen.

Den alternativ plasseringen fremstår også som gunstig sett i forhold til det tapet innmatingen/produksjonen vil påføre strømmettet. “

Kopi av heile brev ligg som vedlegg 8.

Tilknytingskrav frå energiverket ligg ved som vedlegg 8 i lag med bekrefting på ledig linjekapasitet og løyve til tilknytning.




Fig. 11 Vikøyra til venstre i bildet. Gimsdalselva til høyre. Tilknytingspunktet på 22 kV-kabelnettet vest for linjegata til den nye 420 kv linja Farda – Ørskog.

Berekingar utført av Sykkylven Energi AS i Netbas viser at det er tilstrekkelig kapasitet i distribusjonsnettet for tilkopling av Gimsdalselva Kraftverk. Det er da lagt til grunn ein installert effekt i kraftverket på mellom 4 og 5 MW. På det tidspunkt konsesjonssøknad ble sendt inn, forelå det ingen signaler frå regionalnettseier om at det var begrensninger i linjekapasitet i overliggande nett. Vi har frå Sykkylven Energi AS blitt gjort kjent med at Statnett i brev til NVE datert 01.april. 2009 beskriver begrensninger i overføringskapasiteten i sentralnettet mellom Ørskog og Aurland og at dette, frem til ny 425 KV linje er etablert, kan få konsekvensar for tilkoplingsadgang for småkraft i regionen.

Tilknytting til noverande nett, nødvendig endring i plan: På grunn av utskifting av dagens lokale nett i Sykkylven i forbindelse ny kraftlinje Ørskog-Fardal vil vi måtte knytte oss til nettet på Vikesida av elva. Istadenfor på Blindheimssida som opprinneleg tenkt. Dette vil medføre at det ikkje blir kryssing av elv og at linje til tilkoplingspunkt vert betydeleg kortare enn opprinneleg tenkt. Ca. 600 m til tilkopling istadenfor 1900 meter. Dette er diskutert med Sykkylven Energi, men detaljplaner må utarbeidast og ettersendes. Denne endringa vil føre til mindre tap i nettet og vesentlig lågare kostnad.

I løpet av det siste året er der etablert nytt kabelnett i dalen som følge av bygging av 425 kV-linja. Dette har medført store endringar, frå luftnett til kabelnett. Mellom anna er der lagt kabel og kabelrøyr frå tilkoplingspunktet i Vikedalen og ned til sentrum av Aure.

Nytt "nett" i samband med tilknytning av Gimsdalselva kraftverk vert då:

Trafo i kraftverket, 6,9/22 kV.

Høgspenbrytaranlegg i kraftverket, 22 kV, effektbrytar, skillebrytar med tilhøyrande vern og jordknivar(kompaktanlegg).

Høgspenkabel 22 kV, TSLE 1x3x95 mm², mellom brytaranlegg i kraftverk og kiosk i kabelnett, 600 m.

Sjå fig. 11 som syner plassering av tilknytingspunkt i forhold til kraftverket..

Sykkylven Energi AS skal ha sakkunnig driftsleiing for dette anlegget.

Anna nett og forhold til overliggende nett

Som følge av at den nye 425 kV-linja kryssar midt gjennom bygda og etablering av kopling og trafostasjon på Heiane er forsyningssituasjonen i bygda særst god. Store omleggingar av eksisterande nett har også styrka kvaliteten og kapasiteten i lokalnettet. Oppgraderingane på nettet er gjennomførde. Det føreligg ikkje krav om anleggstilskot ved tilknytning til lokalnettet, utan om kostnadar knytt til sjølve tilknytninga(kablar og utstyr og graving).

Lokal energiutredning for Sykkylven Energi AS ligg som vedlegg til søknaden.

Forsterkning av kraftnettet, med bl.a. etablering av nye 425 kV leidningar gir mulegheiter for omstrukturering av nettet og sanering av eksisterande leidningar. I forbindelse med etablering 425 kV leidningen Ørskog-Fardal, vil totalt 170 km av eksisterande 132 kV leidningar bli sanert, kor av ca. 82 km i Møre og Romsdal.

Henta frå KSU Møre og Romsdal 2012:

“Med ny 420 ledning Ørskog-Fardal, vurderes forsyningssikkerheten i Midt-Norge som tilfredsstillende. Forbindelsen vil også bedre forsyningssikkerheten på Sunnmøre og nordlige deler av Sogn og Fjordane.

Kapasitet på linjenettet og ev. trong for opprusting av distribusjons- og regionalnett som kan følge av prosjektet skal skildrast. Informasjonen skal vere tilgjenglig frå nettselskapa gjennom utgreiingsdokument som Lokale Energiutredninger (LEU) og Regionale Kraftsystemutredninger (KSU). Som eit minimum skal det refererast til vurdering av nettkapasitet som er skildra i desse dokumenta.”

Dette viser at når det nye nettet er på plass er underskuddsområde Midt-Norge betydeleg forbetra kapasitetsmessig.

2.3 Kostnadsoverslag

Gimsdalelva kraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	0,0
Overføringsanlegg	0,03
Inntak/dam	1,8
Driftsvassvegar	16,0
Kraftstasjon, bygg	2,1
Kraftstasjon, maskin og elektro (helst skild)	15,5
Kraftline/kabel	0,6
Transportanlegg	0,6
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	0,1
Uventa	2,0
Planlegging/administrasjon	1,7
Finansieringsutgifter og avrunding	1,0
Anleggsbidrag	0,0
Sum utbyggingskostnader	41,43

(Prisar basert på 2013 – 2014 nivå)).

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Lokal kraftproduksjon gir reduserte tap i SE sitt nett, avhjelper og ein generell anstrengd kraftsituasjon i fylket.

Dagens veg er mykje nytta til turgåing, opprusting av vegen vil etter anleggsperioden gi ein betre standard på vegen. Også hytteeigarane vil dra nytte av dette.

Gimsdalselva kraftverk, vil slik det er presentert med inntak på om lag kote 455 moh, gje eit økonomisk solid prosjekt med sterk fokus og omsyn på natur, biologisk mangfald og allmenne interesser.

Lokalt er produksjon av 12,5 GWh fornybar energi eit viktig bidrag til verdiskapinga i kommunen, for eigarane og for busetnaden i Aureområdet. Denne verdiskapinga vil bidra positivt og motivere neste generasjon til å satse innanfor landbruket og oppretthalde busetnaden. Satsing mellom søkjarane når det gjeld dette kraftverksprosjektet stadfestar trua på at det er mogeleg å satse på nye næringar knytte til eigedomane og å styrkje driftsgrunnlaget for vidare drift.

Vasskraft har frå gammalt av skapt samhald og aktivitet i bygdene gjennom sagbruk og kvernhusdrift. Noko av dette samhaldet gjennom felles bruk av vassressursar ser ein no høve til å gjenskape i form av småskala kraftproduksjon i Gimsdalen.

Regionalt er dette bidraget viktig med tanke på det aukande kraftunderskotet som Møre og Romsdal fylke opparbeider seg år for år (jfr Regional kraftsystemutgreiing for Møre og Romsdal 2012).

Nasjonalt vil bidrag frå realisert småskala vasskraft fram mot år 2020 være med på å oppfylle Norges del av EU 's 20-20-20 direktiv og felles Norsk - Svensk målsetjing om 26,4 TWh fornybar energi innan 2020.

Tiltaket vil og betre den økonomiske avkastinga for grunneigar si gardsdrift, og vil gi skatteinntekt for samfunnet.

Ulemper

Skaleringsfaktor ⁵	0,115
Periode med data som er nytta	1946 - 2006
Kor mange år er det data for?	60
Er samanlikningsstasjonen uregulert? ⁶	Ja

1.1.4 Feltparametrar for nedbørfelta til kraftverket og til samanlikningsstasjonen.


	Kraftverket sitt nedbørfelt ovanfor inntak		Samanlikningsstasjonen sitt nedbørfelt ⁷	
Areal (km ²)	10,1		89,2	
Høgaste og lågaste kote (moh)	448	1267	1	1582
Effektiv sjøprosent ⁸	0,1		1,5	
Prosentdel bre (%)	0,1		0,5	
Prosentdel snaufjell (%) ⁹	90		47	
Hydrologisk regime ¹⁰	Flaum hast, lavv. vinter		Flaum haust, lavv. vinter	
Middelvassføring/ middelavrenning/ middels årstilsig (1961-1990) frå avrenningskartet ¹¹	0,87 m ³ /s		7,93 m ³ /s	
	86 l/s km ²		89 l/s km ²	
	27,4 mill. m ³		250,08 mill. m ³	
Middelvassføring (åååå – åååå) for samanlikningsstasjonen utrekna i observasjonsperioden ¹²	1946 - 2006		7,93 m ³ /s	89 l/s/km ²
Kort grunngiving for val av samanlikningsstasjon	Anbefalt av NVE			



Figur 2. Kart der nedbørfelta til kraftverket og til samanlikningsstasjonen er teikna inn.


Kommentarar

1.2 Vassføringsvariasjonar før og etter utbygging¹³




Figur 3. Plott som viser sesongvariasjon i middel/median- og minimumsvassføringar gjennom året, (døgndata).¹⁴


Figur 4. Plott som viser sesongvariasjon i maksimumsvassføringar gjennom året (døgndata).¹⁵




Figur 5. Plott som viser variasjonar i middelvassføring frå år til år (år).¹⁶



Figur 6. Plott som viser vassføringsvariasjonar i eit tørt (1963 år (før og etter utbygging)).¹⁷




Figur 7. Plott som viser vassføringsvariasjonar i eit middels (1998) år (før og etter utbygging).¹⁸




Figur 8. Plott som viser vassføringsvariasjonar i eit vått (1971) år (før og etter utbygging).¹⁹

Kommentarar

1.3 Varigheitskurve²⁰ og utrekning av nyttbar vassmengd



Figur 9. Varigheitskurve for sommarsesongen (1/5 – 30/9).



Figur 10. Varighetskurve for vintersesongen (1/10 – 30/4).

Figur 11. Varighetskurve, kurve for flaumtap og for tap av vatn i lågvassperioden (år).

1.3.1 Kraftverket si største slukeevne og lågaste driftsvassføring.

Kraftverket si største slukeevne (m ³ /s)	1,5
Kraftverket si lågaste driftsvassføring (m ³ /s)	0,060

1.3.2 Dagar med vassføring større enn største slukeevne og mindre enn lågaste driftsvassføring pluss planlagd minstevassføring (sjå pkt. 1.1.5) i utvalde år.

	Tørt år	Middels år	Vått år
--	---------	------------	---------

Kor mange dagar med vassføring > største slukeevne	15	52	110
Kor mange dagar med vassføring < planlagd minstevassføring + lågaste driftsvassføring	0	0	0

1.3.3 Utrekning av nyttbar vassmengd til produksjon ved hjelp av hydrologiske data.

Tilgjengeleg vassmengd ²¹	27,4
Utrekna vasstap fordi vassføringa er større enn største slukeevne (% av middelvassføring)	4,38
Utrekna vasstap fordi vassføringa er mindre enn lågaste driftsvassføring (% av middelvassføring)	0,60
Utrekna vasstap på grunn av slepp av minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring (% av middelvassføring)	9,3
Utrekna vasstap på grunn av slepp av minstevassføring tilsvarende 5-persentilar for sommar og vinter (% av middelvassføring)	34 % og 8,2%
Utrekna vasstap på grunn av slepp av annan planlagd minstevassføring (% av middelvassføring)	-
Nyttbar vassmengd til produksjon ved slipp av minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring	24,85 mill m ³
Nyttbar vassmengd til produksjon ved slepp av minstevassføring tilsvarende 5-persentilar for sommar og vinter	66% og 44%
Nyttbar vassmengde til produksjon ved slepp av annan planlagd minstevassføring	-

Kommentarar

Total disponibel vassmengd ved inntaket 27,4 mill. m³.

1.4 Restfeltet²²

1.4.1 Informasjon om restfelt.

Inntaket og kraftverket sine høgder (moh)	455	150
Lengd på elva mellom inntak og kraftverk ²³ (m)	3023	
Areal til restfeltet	1,74	
Tilsig frå restfeltet ved kraftverket (m ³ /s)	0,225	

Kommentarar

Tilsig på restfeltet ned til kote 177 er 225 l/s inkl. slepp av minstevassføring.

Nedanfor 177 går Gimsdalselva i samløp med Straumsdalselva noko som medfører ei vassføring på om lag 1,4 m³/s fram mot kraftverket.

1.5 Karakteristiske vassføringar i lågvassperioden og minstevassføring.

1.5.1 Karakteristiske vassføringar i lågvassperioden og planlagd minstevassføring.

	År	Sommar (1/5 – 30/9)	Vinter (1/10 – 30/4)
Alminneleg lågvassføring (m ³ /s)	0,081	-----	-----
5-persentil ²⁴ (m ³ /s)		0,303	0,071
Planlagd minstevassføring (m ³ /s)	0,081		

Kommentarar

Foresler slepp av minstevassføring tilsvarande allminneleg lågvassføring.

1.6 Flaumvassføringar

1.6.1 Karakteristiske flaumvassføringar. ²⁵

	Døgn	Kulminasjon
Midlere flaum ved dam/ inntak	m ³ /s	m ³ /s
	l/s km ²	l/s km ²
10-årsflaum ved dam/ inntak	m ³ /s	m ³ /s
	l/s km ²	l/s km ²
200-årsflaum ved dam/ inntak	m ³ /s	m ³ /s
	l/s km ²	l/s km ²

Kommentar, flaumregime og flaumutrekningmetode ²⁶

--

¹ Dersom ja: Kva slags (eks.: bre, myr, innsjø med fleire utløp, karst)?

² Om svaret er ja, skal dette vere teikna inn på kartet i figur 1.

³ Målt eller utrekna naturleg vasstand ved tilnærma årsmiddelvassføring.

⁴ Etter NVE sitt stasjonsnett.

⁵ Ein konstant som skal multipliserast med dataserien ved samanlikningsstasjonen for å lage ein serie som viser variasjonar i vassføringa i kraftverket sitt nedbørfelt.

⁶ Med reguleringar meiner vi her regulering av innsjø eller overføring inn/ut av naturleg nedbørfelt.

⁷ Feltparametrar for samanlikningsstasjon kan ein lese frå NVE sin database Hydra 2 ved bruk av programmet HYSOPP.

⁸ Effektiv sjøprosent tek omsyn til kvar innsjøane ligg i nedbørfeltet. Dette er ein viktig parameter for vurdering av både flaum- og lågvassføringar. Definisjonen av effektiv sjøprosent er: $100 \sum (A_i \cdot a_i) / A^2$, der a_i er overflateareal til innsjø i (km^2) og A_i er tilsigsarealet til same innsjø (km^2), medan A er arealet til heile nedbørfeltet (km^2).

Innsjøar langt nede i vassdraget får dermed størst vekt, medan innsjøar nær vasskiljet betyr lite. Små innsjøar nær vasskiljet kan ein ofte neglisjere ved utrekning av effektiv sjøprosent.

⁹ Prosentdel snaufjell skal verte rekna ut som arealdel over skoggrensa fråtrekt eventuelle brear, sjøar og myrar over skoggrensa.

¹⁰ På kva tid av året (vår, sommar, haust, vinter) kjem høvesvis flaum og lågvatn?

¹¹ Middelvassføring i normalperioden 1961–1990. Inneheld ei uvisse på rundt rekna $\pm 20\%$.

¹² Utrekna for samanlikningsstasjonen i observasjonsperioden eller den perioden som ligg til grunn for utrekninga.

¹³ For vassføringa ved inntakspunktet til kraftverket.

¹⁴ For kvar dag i året (døgnverdi: januar–desember) plottar ein høvesvis middel-/median- og minimumsvassføringa over ei lang årrekke (helst 20–30 år med døgndata).

¹⁵ For kvar dag i året (døgnverdi: januar–desember) plottar ein maksimumsvassføringa over ei lang årrekke (helst 20–30 år med døgndata).

¹⁶ Årsmiddel for kvart år i observasjonsperioden.

¹⁷ Tørt år må verte markert (f.eks. året i observasjonsperioden med lågaste årsvolum). Vassføringsvariasjonar (døgnmiddel) før og etter inngrep skal vere teikna inn i same diagram (januar–desember).

¹⁸ Middels år må vere markert (f.eks. året i observasjonsperioden med årsvolum nær middelen i observasjonsperioden). Vassføringsvariasjonar (døgnmiddel) før og etter skal vere teikna i same diagram (januar–desember).

¹⁹ Vått år må vere markert (f.eks. året i observasjonsperioden med høgast årsvolum). Vassføringsvariasjonar (døgnmiddel) før og etter skal vere teikna inn i same diagram (januar–desember).

²⁰ Varigheitskurva skal vise kor stor del av tida (oppgitt i %) vassføringa er større enn ein viss verdi (oppgitt i % av middelvassføringa). Sorter alle døgnvassføringane i observasjonsperioden etter storleik før kurva blir generert. Varigheitskurva skal liggje til grunn for å estimere flaumtap som følgje av at vassføringa er høgare enn største slukeevne (kurve for slukeevne), og tap i lågvassperioden som følgje av at vassføringa er lågare enn lågaste sifstvassføring (kurve for sum lågare). Kurvene skal vere i same diagram.

²¹ Normalavløp 1961–1990 (eller forventa gjennomsnittleg årleg avløp).

²² Med restfelt meiner vi arealet mellom inntakspunkt og kraftverk.

²³ Lengde i opphøveleg elveløp og *ikkje* kortaste avstand.

²⁴ Den vassføringa som vert underskriden 5 % av tida.

²⁵ Midlere flaum i løpet av eit døgn vert rekna som gjennomsnitt av største døgnmiddelvassføring kvart år. Metodikk for utrekning av flaumvassføringar, sjå NVE sine retningslinjer 04/2011 "Retningslinjer for flomberegningar". Særskilt i små felt vil kulminasjonsvassføringa under flaum ofte vere vesentleg større enn døgnmiddelet.

²⁶ Kommenter kva for månadar i året flaumar er hyppigast, og kommenter kort kva metode som er nytta for utrekning av flaumvassføringar.




Vedlegg 5

Fotografi frå område som vert råka av utbygginga.



Bilde 1: Bildet viser dalmunninga av Gimsdalen. Det er teke frå Hammersettinden. Inntaksområdet avmerka med raud sirkel.

Gimsdalstind til venstre i bildet, med Borgundkollen på motsett side. Gimsdalssætra ligg litt til høgre for skoddeflaket, inntaket litt lenger til høgre (bekkefareet mellom Borgundkollen og Langfjella viser som ei markert glenne i landskapet. Vi ser Gimsdalselva som svingar seg innover i dalen ovanfor inntaket.



Bilde 2: Bildet viser oversikt over området der inntaket er tenkt plassert. Markert er også elvene som er omsøkt i konsesjonssøknad.



Bilde 3: Utsikt frå inntaket ved kote 455 og innover Gimsdalen. Vi ser Langfjella til venstre og Urfjellet i enden av Hammersettindane til høgre.



Bilde 4: Bilde er teke rett nedstraums inntaket på rundt kot 448. Grunneigar står og ser innover Gimsdalen, mot inntaket.




Bilde 5: Bilde er teke på kote 455, på inntaksstaden. Bilde er teke oppover dalføre.




Bilde 6:

Frå same området, men no eit nærbilde av området der inntaket med damoverlaup er tenkt plassert. Bildet er teke nedover elva.

Damterskel er planlagt plassert midt i bilde, med inntakskammer på venstre side




Tenkt inntak, dam og overføring av Tverrelva. Kote ca. 450.



Bilde 8: Fra tenkt dam, nedstrøms. Sætra synes i bakgrunnen.



Bilde 9: Skistaven viser 454 meter (GPS målt), tenkt plassering av dam




Bilde 10: Her kommer Tverrelva inn i Gimsdalselva



Bilde 11: Bildet er teke på kote 150, frå staden der kraftverket er planlagt plassert og oppover elva (oppstraums utlaupet frå kraftverket). Vi ser Vikeelva der ho kjem frå Straumsdalen og Gimsdalen.



Bilde 12: Område for kraftstasjon med tenkt bygg, Kote 150



Bilde 13: Bildet er tatt fra andre sida av Sykkylvsfjorden og inn Vikedalen. Nederst på bilde kan en se utløpet av Vikeelva. Ellers er det forsøkt antydnet både hvor inntak og stasjon vil bli liggende. Men ingen av områdene er synlig i bildet.

Vedlegg 6

Fotografi av vassdraget, ulike vassføringar.



Bilde 1: Bilde fra øverste del av fossen med god vannføring. Bildet er tatt fra dagens sætreveg et lite stykke nedanfor Gimsdalssætra.



Bilde 2: Bildet er tatt i området mellom sætra og inntak. Det viser normal til liten vassføring.



Bilde 3: Dette bildet er også tatt i område mellom sætra og inntaket. Same vassføring som på bilde 2. Bildet viser elles korleis mesteparten av elvebotnen er, mykje stein i forskjellige størrelsar.

Vedlegg 7

20

Den 1. februar 2007 vart jordskifterett halde i Sykkylven kulturhus.

Rettsformann: Jordskiftedommar Ivar Engjoberg, som einedommar, jskl. § 9, 2. ledd.

Protokollfører: Dommaren.

Sak nr.: 15/2004-15.20 – utsett frå 10.11.06.

Saka gjeld:

Rettsutgreiing og bruksordning for fallrettane i Gimsdalselva i Sykkylven kommune.

Til stades:

Ole Klokkehaug, Bastian Myhre ved Bård Myhre m.skr.fullm., Joakim Aurdal, Else Marie Rønning m.fullm. for Inger Astrid Espehaug, Kato Vik, Per Løvold, Norunn Brunstad Nyborg ved Eivind Nyborg iflg. fullmakt, Sykkylven kommune ved Runar Tandstad iflg. fullm., Oddmund Vik ved Knut Jarle Vik iflg. fullmakt, Ola Vik, Margit Elida Vik ved Kjartan Vik iflg. fullmakt, Bjarte Grebstad, Odd Kristian Kulseth, Karl Fredrik Blindheim, Bernt L. Ludvigsen, Anna Blindheim ved Erling Lillevik iflg. muntleg fullmakt, Kristen Blindheim, Eldbjørg Lillevik ved Erling Lillevik iflg. fullmakt.

Innkalla, men ikkje møtt:

Ruth Margot Berli, Kristen Martin Berli, Jorunn og Ola Svindseth, Torbjørn Aasen, Jørgen Sandal, Karl-Fredrik Vik, Borgny A. Vik d.bu v/Bjørn Vik, Ole Thorvald Vik, Øyvind Vik, Svein Erik Johnsen, Norvid Blindheim, Andreas Lade, Oddbjørn Tynes, Agnes Blindheim, Ole Petter Blindheim.

Rettsformannen la fram:

41. Utkast til vedtekter for Gimsdalselva fallrettseigarlag, dat. 11.01.07.
42. Innkalling til møtet i dag, dat. 30.08.06.
43. Fullmakt frå Bastian Myhre til Bård Myhre, dat. 28.01.07.
44. Fullmakt frå Inger Astrid Espehaug til Else Marie Rønning, dat. 31.01.07.
45. Fullmakt frå Norunn Brunstad Nyborg til Eivind Nyborg, dat. 01.02.07.
46. Fullmakt frå Sykkylven kommune v/ordføraren til Runar Tandstad, dat. 01.02.07.
47. Fullmakt frå Oddmund Vik til Knut Jarle Vik, dat. 24.01.07.
48. Fullmakt frå Margit Elida Vik til Kjartan Vik, dat. 01.02.07.

Dokumenta vart gjennomgått i den grad det var trong for det.

Dom og rettsfastsetjande vedtak for fallrettane i Gimsdalselva er no rettskraftig, og eit utkast til vedtekter for eit eigarlag for fallrettane i Gimsdalselva, som er kalla Gimsdalselva fallrettseigarlag, er sendt ut til partane i saka med merknadsfrist til møtet i dag.

Utkastet til vedtekter, utsendt til partane 11.01.07, vart gjennomgått og drøfta. Det var semje om nokre mindre endringar i paragrafane 1-3. Vidare vart det avtalt 2 rettingar i delingsgrunnlaget i tabellen i § 4. Det gjeld 17/19 sin %-del som ved eit mistak er trekt frå feil hovudbruk, nemleg 17/6 i staden for 17/5. Vidare vart det klarlagt at 17/5 sin %-del skal delast på eigarane av 15/1, 15/3 og 17/3 i samsvar med arealet av dei teigane dei har kjøpt av 17/5. Endeleg skal %-delen til 18/11 leggjast til andelen til 18/2. Ingen av partane hadde merknader til desse rettingane. Av praktiske grunnar byter teksten i § 3 og § 4 plass.

Dommaren sa frå at jordskifteretten ville gjere vedtak om fastsetting av dei vedtektene for Gimsdalselva fallrettseigarlag slik dei no låg føre. Møtet med partane vart dermed avslutta.

Jordskifteretten gjorde deretter i samsvar med jordskiftelova, §§ 17a og 17b, slikt regulerande

vedtak.

Saka er kravt som rettsutgreiing og bruksordning etter jordskiftelova, §§ 88a og 2c, vedkomande fallrettane i Gimsdalselva, og er fremma i samsvar med kravet.

Ved dom og rettsfastsetjande vedtak av 10.11.06, som no er rettskraftige, er eigedomstilhøva for vassfallet i Gimsdalselva fastlagde.

Vedtaket i dag gjeld bruksordningsdelen av saka. I samarbeid med partane har retten kome fram til vedtekter for eit fallrettseigarlag som har som føremål å nytte vassfallet i Gimsdalselva til kraftproduksjon. Ingen av dei framførte partane har hatt innvendingar til vedtektene slik dei no ligg føre. Det har heller ikkje kome merknader til det utsende utkastet av 11.01.07, bortsett frå det som er nemnt ovanfor. Retten har etter dette kome til slik

vedtaksslutning.

VEDTEKTER FOR

GIMSDALSELVA FALLRETTSEIGARLAG

§ 1. Gimsdalselva fallrettseigarlag BA.

Gimsdalselva fallrettseigarlag BA, heretter kalla laget, er eit organisert fellesskap mellom eigarane av fallrettane mellom ca. kote 160 og ca. kote 470 i Gimsdalselva, på gnr. 15-18 i Sykkylven kommune.

Laget er eit eigarlag med avgrensa ansvar i samsvar med eigarane sin andel i laget, jf. § 3.

Laget har sitt forretningskontor i Sykkylven kommune, det skal registrerast i Brønnøysund med eige organisasjonsnummer.

§ 2. Føremål og arbeidsområde.

Laget sitt føremål er å nytte vassfallet i Gimsdalselva til kraftproduksjon. Laget skal arbeide for at den verdiskapinga som utbygginga av vassfallet medfører, så langt det er råd skal kome fallrettseigarane til gode.

Ved fleirtalsvedtak (jf. § 6) kan laget ta avgjerd om selskapsform for å ta i bruk dei ressursane som ligg i det sams vassfallet, t.d. ved utbygging av kraftverk i eigen regi, eller ved utleige av fallrettane til andre aktørar.

Laget kan ikkje pålegge medlemmar å delta i tiltak som medfører økonomisk risiko.

§ 3. Medlemsskap og delingsgrunnlag.

Eigarane av desse eigedomane er medlemmar i laget med fylgjande delingstal etter skylda på bruka:

Gnr./Bnr.	Eigar	% av sams fallrett
15/1	Ole Klockehaug	3,506
15/2	Ruth Berli, Kristen Berli	3,225
15/3	Bastian Myhre	4,791
15/5, 15/6	Joakim Aurdal	0,395
15/22	Jorunn og Ola Swindseth	0,195
16/1	Inger Espehaug	2,200
16/2	Torbjørn Aasen	0,490
17/1	Kato Vik	6,630
17/2	Per Løvold	1,110
17/3	Norunn Brunstad Nyborg	9,983
17/4	Jørgen Sandal	1,090
17/5	Sykkylven kommune	0
17/6	Oddmund Vik	5,095
17/7	Ola Vik	7,350
17/9	Margit Elida Vik	2,650
17/13	Kari-Fredrik Vik	0,510
17/19	Borgny A. Vik dødsbu	0,390
17/35, 17/385	Ole T. Vik, Øyvind Vik	0,390
18/1	Bjarte Grebstad	11,115
18/2, 18/14, 18/16	Odd Kristian Kulseth	1,685
18/3	Kari Fredrik Blindheim	10,310
18/4, 18/8	Bernt Ludvigsen	9,830
18/5	Svein Erik Johnsen	1,545
18/6	Anna Blindheim	10,450
18/7, 18/13	Norvid Blindheim	2,145
18/11	Schmidt	0
18/12	Andreas Lade	0,295
18/19	Kristen Blindheim	1,460
18/23	Oddbjørn Tynes	0,525
18/26	Eldbjørg Lillevik	0,415
18/44	Agnes Blindheim	0,160
18/51	Ole Petter Blindheim	0,065
Sum		100,000

Medlemsskapet i laget er pliktig, det følgjer eigedomen og kan ikkje skiljast frå denne. Ved eventuell deling av medlemseigedom, vert den frådelte eigedomen medlem i laget dersom det følgjer med fallrett ved frådelinga. Hovudbruket sin del vert då redusert tilsvarande.

§ 4. Rettar og plikter for medlemmane.

Vassfallet i Gimsdalselva kan berre nyttast ut ved etablering av eit eige driftsselskap, der cigarlaget leiger ut fallrettane til driftsselskapet.

Dersom ein eller fleire medlemmar, enkeltvis eller i fellesskap, ynskjer å etablere eit driftsselskap for å nytte ut vassfallet, skal desse ha fyrsterett til slik utbygging på elles like vilkår.

Alle medlemmar kan velje om dei vil melde seg inn i driftsselskapet. Innmeldinga må gjerast innan ein nærare fastsett frist. Fristen vert rekna frå datoen for skriftleg melding om vedtak om bortleige til driftsselskap, jf. § 6.

Medlemmane sine rettar etter delingsgrunnlaget, jf. § 3, er avgjerande for kor stor %-del dei kan gå inn i driftsselskapet med. Dersom ein medlem ikkje ynskjer å gå inn i driftsselskapet med heile sin %-del, kan resten kjøpast av dei andre medlemmane, etter same relative fordeling som i delingsgrunnlaget, jf. § 3. Dei medlemmane som høyrer til på same side av elva som seljaren skal ha fyrsteretten til slikt kjøp.

Kvar einskild medlem har plikt til å stille naudsynt areal til rådevelde for bygging av vegar, inntaksdam, kraftstasjon, leidningsnett osv. Vederlag for dette og for bruk av grunn i utbyggingsperioden, må avtalast mellom utbyggar og den einskilde grunneigar. Dersom det ikkje vert semje om vederlaget skal dette fastsetjast ved rettsleg skjøn.

§ 5. Arbeidsår og forplikting.

Rekneskaps- og arbeidsåret fylgjer kalenderåret.

Innafor rammene av vedtektene, vedtak, vedteke budsjett og arbeidsplan, vert laget forplikta av leiaren saman med kasseraren.

§ 6. Årsmøte.

Årsmøtet er laget sitt øvste styreorgan. Ordinært årsmøte skal haldast innan 1. april kvart år. Dersom alle medlemmane samtykkjer, er det ikkje nødvendig å halde årsmøte kvart år, eller innan den fastsette datoen.

Berre medlemmane har rett til å delta på årsmøtet. Ein medlem kan la seg representere ved fullmektig med skriftleg fullmakt.

Årsmøtet vert kalla inn av leiaren. Innkallinga skal vere skriftleg med minst to veters varsel. Saklista skal stå i innkallinga. Årsmøtet er vedtaksført når det er innkalla på lovleg måte.

Årsmøtet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei som står i innkallinga. Saker som skal handsamast på årsmøtet må vere innkomne til styret innan 1. mars.

Årsmøtet veljer møteleiar og referent.

Det enkelte vedtak på årsmøtet vert gjort med vanleg fleirtal (simpelt relativt fleirtal) av dei framkomne.

Ved avstemming og val har kvar medlem stemme i høve til sin %-del etter § 3. Dersom alle er samde om det, kan avstemming likevel gjerast slik at kvart medlem har ei stemme.

Ved skriftleg avstemming blir blanke stemmer rekna som ikkje avgitte stemmer. Likt stemmetal ved val vert avgjort med loddtrekking. Ved likt stemmetal elles har møteleiaren dobbeltstemme.

Årsmøtet skal:

- Velje ordstyrar, protokollfører og to personar som saman med leiaren skal underskrive møteprotokollen.
- Godkjenne innkalling, fullmakter og sakliste.
- Handsame styret si årsmelding, revidert rekneskap og budsjett.
- Handsame innkomne saker.
- Velje leiar for eitt år om gongen.
- Velje styremedlemmar som står på val med vararepresentantar.
- Velje revisor.

Vidare kan årsmøtet m.a.:

- Vedta å leige ut vassfallet til eige driftsselskap eller interessentar.
- Delegere mynde til styret.
- Vedta godtgjersle for tillitsvalde.
- Gjere vedtak i andre saker som vedkjem laget.

Fleirtalsvedtak etter denne paragrafen må ikkje påføre nokon medlem større kostnader og ulemper enn nytte. Vedtaket må heller ikkje føre med seg usakleg skilnad på rettane til fleirtalet og mindretalet. Vedtaket må ivareta fellesskapet sitt vel og ikkje gje urimelege fordelar til fleirtalet til skade for mindretalet. Medlem som meiner at eit fleirtalsvedtak er i strid med desse vilkåra, kan ta spørsmålet opp for rettsleg skjønn. Dersom medlemmane er samde om det, kan vedtaket overprøvast av sakkunnig nemnd etter § 13.

§ 7. Ekstraordinært årsmøte.

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret eller representantar for 1/3 av partsinteressene krev det. Frist og framgangsmåte for innkalling er den same som for vanleg årsmøte. Saklista skal stå i innkallinga. Det kan berre gjerast vedtak i saker som er nemnde i innkallinga.

§ 8. Styret.

Laget vert leia av eit styre på tre medlemmar, med personlege vararepresentantar. For at styret skal vere vedtaksført, må alle tre styremedlemmane eller varamedlemmar vere til stades. Ved økonomiske avgjerder skal kasseraren vere til stades.

Styret konstituerer seg sjølv med nestleiar og kasserar/sekretær. Styremedlemmane vert valde for to år om gongen, men likevel slik at 1 medlem etter lutdraging står på val etter 1 året.

Etter retningslinjer frå årsmøtet skal styret:

- Arrangere årsmøte, leggje fram årsmelding og revidert rekneskap for siste år og leggje fram forslag til budsjett og arbeidsplan for inneverande år.
- Arbeide for rasjonell drift og bruk av laget i samsvar med føremålsparagrafen.
- Vere medlemmane sitt talsorgan overfor offentlege og private interessefelt.

- Melde laget inn i aktuelle register.

Det skal førast protokoll for styremøta. Protokollen skal vere tilgjengeleg for medlemmane.

§ 9. Utleige av fallrettane.

Ved utleige av vassfallet skal det minst betalast slik leige til fallrettseigarlaget.

- 5 % av brutto inntekt av kraftproduksjonen dei fyrste 10 åra.
- 7 % av brutto inntekt av kraftproduksjonen for 11 – 20. år.
- 9 % av brutto inntekt av kraftproduksjonen for 21. – 40. år.

Etter 40 år skal prisen for leige av fallrettane reforhandlast.

Avkastinga skal utbetalast seinast ein månad etter årsoppgjeret. Talet på år vert rekna frå fyrste heile driftsår.

§ 10. Inntekter og utgifter.

Leigeanntektene frå driftsselskapet, og eventuelt andre inntekter, skal fordelast på fallrettseigarane i samsvar med delingsgrunnlaget i § 3. Utgifter skal delast på same måte.

§ 11. Investering og drift.

Medlemmane er pliktige til å betale inn til laget nødvendig beløp for drift og gjennomføring av vedtekne investeringar i laget. Beløpet skal utliknast i samsvar med delingsgrunnlaget, jf. § 4. Laget har ikkje høve til å ta opp lån.

§ 12. Prosjektering.

Eigarlaget vert pålagt å forskottere inntil kr. 50 000,- til utarbeiding av forprosjekt for kraftverk. Forskotteringa skal utliknast på medlemmane i samsvar med delingsgrunnlaget, jf. § 3. Kostnader utover dette må dekkast etter frivillege ordningar. Innbetalte prosjekteringskostnader skal refunderast av driftsselskapet dersom det viser seg å vere rekningsvarande å bygge ut vasskrafta.

Til å leie arbeidet med utarbeiding av forprosjekt vert oppnemnt:

1. Oddmund Vik (leiar)
2. Else Marie Rønning
3. Bernt Ludigsen
4. Karl Fredrik Blindheim

§ 13. Tvistar.

Oppstår det tvistar mellom laget og medlemmane, eller mellom medlemmane innbyrdes, om forståinga og gjennomføringa av desse vedtektene, prøver ein å få tvisten avgjort med

bindande verknad for alle partar av ei sakkunnig nemnd (voldgiftsrett) på tre medlemmar. Jordskifterettsleiaren ved Sunnmøre jordskifterett oppnemner desse. Kjem voldgiftsavtale ikkje i stand, må tvisten avgjerast ved dei ordinære domstolane.

§ 14. Vedtektsendringar.

For å endre desse vedtektene krevst 2/3 fleirtal av dei frammøtte på ordinært årsmøte, rekna etter andel, jf. § 3. Vedtektene kan ikkje endrast i strid med inngåtte avtalar.

Ved andre gongs behandling krevst likevel berre vanleg fleirtal (simpelt relativt fleirtal) blant dei frammøtte, rekna etter andel.

Vedtektsendring kan ikkje skje før 3 år etter at denne saka er rettskraftig, med mindre det vert vedteke einstemmig. Unnateke er §§ 1-4, 6, 9-11, 13 og 14 som ikkje kan endrast.

§ 15. Oppløysing.

Oppløysing av laget kan berre skje ved nytt jordskifte og fyrst etter 10 år, jf. jskl. § 4.

SAKSKOSTNADER

Kostnadene med saka er kr. 25900,- (sjå eige rekneskap) som blir fordelt likt mellom eigarane på Vikedalsida og Blindheimssida. Vik grunneigarlag v/Oddmund Vik har tidlegare betalt grunngelyret på kr. 3700,- og skal no betale kr. 9250,-. Blindheim grunneigarlag v/Erling Lillevik skal betale halvparten av kostnadene, dvs. kr. 12 950,-.

Betalingfristen er femten - 15 - dagar frå kunngjeringa.

TINGLYSING

Saka skal tinglysast på fylgjande eigedomar:

Gnr. 15, bnr. 1, 2, 3, 5, 6 og 22.

Gnr. 16, bnr. 1 og 2.

Gnr. 17, bnr. 1 - 7, 9, 13, 19, 35 og 385.

Gnr. 18, bnr. 1 - 8, 12 - 14, 16, 19, 23, 26, 44 og 51,

alle i Sykkylven kommune.

FORKYNNING OG AVSLUTTING AV SAKA.

Forkynning skjer ved at kopi av rettsboka vert sendt til partane i vanleg brev, vedlagt forkynningsskjema med mottakskvittering. For eventuell anke vert vist til reglane om bruk av rettsmiddel, kap. 7 i jordskiftelova, som vert sendt ut saman med forkynninga.

Ein gjer spesielt merksam på ankefristen på 1 - ein - månad som går frå forkynningsdatoen.

Fristen for kjæremål er to veker.

Retten heva.
Sykkylven, 1 februar 2007.


Ivar Engjehøeg

Styret i Gimsdal Kraft
6230 Sykkylven
Att: Else Marie Rønning

Vår dato : 20.03.2014
Vår ref. : Trond Lauritsen
Arkivnr. :
Dok. ref. : Gimsdal_Kraft_info

Tilknytning og drift av småkraftverk i Gimsdalen

Viser til henvendelse vedrørende muligheten for at det på nåværende tidspunkt utarbeides avtale med Sykkylven Energi AS om tilknytning av nytt småkraftverk i Vikedalen, Sykkylven kommune (Gimsdal Kraft).

1. Tilknytning av kraftverk.

I 2009 ble det utført ei beregning og tilknytningspunkt for Gimsdal Kraft ble fastsatt. Løsningen innebar at det måtte etableres en ny 22kV-forbindelse (kabel) på omlag 1900 meter fra kraftstasjon til tilknytningspunktet på Blindheimsbakkane. Beregningen som da ble utført, bekreftet at det ikke var kapasitetsbegrensninger i distribusjonsnettet som vanskeliggjorde ei tilknytning.

I 2011 fikk Statnett konsesjon om bygging av ny 420 kV-linje fra Ørskog til Fardal. Konsesjonen satte som et krav at eksisterende 132 kV-forsyning til Sykkylven (Haugset Transformatorstasjon) skulle rives, og at nytt 420/132 kV innmatingspunkt for Sykkylven skulle flyttes til "Heiane". Som en konsekvens av OED's vedtak og Statnetts konsesjon, har Sykkylven Energi i 2013 og 2014 vært nødt til å bygge om store deler av 22 kV-nettet i Sykkylven. Denne ombyggingen kan påvirke nettilknytningspunktet for Gimsdal kraftverk. Det legges nå nye høgspenstkabler fra Heiane og ned Vikedalen. De nye høgspenstkablene gjør at nærmeste tilknytningspunkt for kraftverket kan reduseres. Nevnte ombygging er i anleggsfase, og eksakte beregninger for tilknytning vil vi komme tilbake til etter at anlegget er satt i drift.

Det bekreftes herved at det ikke er kapasitetsproblemer i distribusjonsnettet til Sykkylven Energi AS for tilknytning av Gimsdal Kraft. Etter at ny 420 kV-linje mellom Ørskog og Fardal er satt i drift, vil det heller ikke være kapasitetsutfordringer i overliggende nett.

2. Forskrifter og retningslinjer

Ved tilkopling av produksjonsanlegg i 22kV distribusjonsnettet må produsent og nettselskap inngå avtale. Følgende dokument vil være viktige i ein slik avtale:

- "Forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet" (FOR 2004-11-30 nr. 1557). SE skal påse at det produktet nettkundene får levert tilfredsstiller kravene i denne loven.

Dersom et anlegg er årsak til at ovenfor nevnte lov ikke kan overholdes, er eier av anlegget pliktig til å utbetre forholdet.

- SE sitt eige dokument "Krav til nye kraftstasjoner" som beskriv hvordan ny produksjon kan tilkobles nettet og hvilke vilkår som gjelder. Dette er tilgjengelig gjennom våre nettsider.
- "Tekniske retningslinjer for tilknytning av produksjonsenheter med effektproduksjon mindre enn 10MW" (Sinte Energiforskning AS rapport TR A6343.01 frå november 2006).
- "Veileder for beregning av anleggsbidrag ved tilknytning av produksjon" (EBL-publikasjon nr. 240-2007).
- REN blad serie 3000 (Småkraft)

3. Produksjon og spenningsstilhøve

SE beskriv grensene for spenningsvariasjon i dokumentet "Krav til nye kraftstasjoner". Spenninga hos nettkundene skal normalt være på 240V (Un), men denne kan variere avhengig av leveringa i Sykkylven Trafostasjon og situasjonen i nettet. "Forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet" tillater at Un varierer +/-10% levert til nettkunde. Kraftprodusenter må derimot holde variasjonen innenfor ei ramme på -6%/+8%, i tillegg til at spenningsendring med/utan stasjonen i drift maksimalt må være 5%. Alle variasjoner er referert til Un=240V.

Med dette som bakgrunn må nye kraftstasjoner ha reguleringsutstyr som enten hindrer spenninga i å komme utafor de spesifikke grensene, eller som regulerer ned og/eller kobler ut produksjonen om grensene ikkje kan overholdes. Det er derfor viktig at eier syter for installering av utstyr i stasjonen som har god reguleringsevne, og at det vert regulert med tanke på å holde jevn spenning.

Det er og viktig at eierene av Gimsdal Kraft avklarer disse forholda med SE før bestilling av generator og reguleringsutstyr.

4. Driftsansvar

Det er et krav om at alle høyspentanlegg skal ha en ansvarlig driftsleder. Sykkylven Energi AS og Gimsdal Kraft kan inngå avtale om at Sykkylven Energi AS overtar dette driftsansvaret for 22 KV anlegget. Ved slik avtale vil Sykkylven Energi AS være ansvarlig for at anlegget til enhver tid er i forskriftsmessig stand.

Med helsing
Sykkylven Energi AS



Trond Lauritsen
Administrerende direktør



Gimsdalen kraftverk
Virkninger på biologisk mangfold

Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2007.

Prosjektansvarlig: Dag Holtan	Finansinert av: Grunneier	Dato: 29.06.2007
Referanse: Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2007. Gimsdalen kraftverk. Virkninger på biologisk mangfold. 22 s.		
Referat: På bakgrunn av krav fra statlige myndigheter er virkningene på det biologiske mangfoldet av en vannkraftutbygging av Gimsdalselva i Sykkylven kommune i Møre og Romsdal vurdert. Undersøkelsen er konsentrert omkring forekomst av rødlistearter og sjeldne og/eller verdifulle naturtyper. Behovet for minstevannføring er vurdert, og det er satt fram forslag til avbøtende og kompenserende tiltak.		
4 emneord: Biologisk mangfold Rødlistearter Vannkraftutbygging Registrering		

FORORD

På oppdrag fra grunneier har Dag Holtan og Karl Johan Grimstad gjort registreringer av naturtyper og rødlistede arter i tilknytting til en kraftutbygging i Gimsdalselva i Sykkylven, Møre og Romsdal. En viktig problemstilling har vært vurdering av behov for minstevannføring.

Kontaktpersoner fra oppdragsgiver har vært Bernt Ludvigsen og Oddmund Vik.

Oppdragsgiver takkes for tilsendt bakgrunnsinformasjon.

Ørskog/Hareid, 29.06.2007

DAG HOLTAN, KARL J. GRIMSTAD

SAMMENDRAG

Bakgrunn

Grunneier har søkt om tillatelse til bygging av kraftverk i Gimsdalselva i Sykkylven, Møre og Romsdal. Statlige myndigheter (Direktoratet for naturforvaltning, Olje- og energidepartementet) har i den forbindelse stilt krav om undersøkelser av rødlistearter og øvrig arts mangfold i utbyggingsområdet.

På oppdrag fra tiltakshaver har Dag Holtan og Karl Johan Grimstad gjennomført en slik kartlegging i og inntil utbyggingsområdet, samt vurdert virkningene av en eventuell utbygging på de registrerte naturkvalitetene.

Utbyggingsplaner

Det er planlagt en inntaksdam på kote 448, evt 457. Vannet føres derfra i rørgate i støpejern, diameter 800 mm innvendig, som føres ned til kote ca 180. Avløpet blir på kote ca 150. Kraftstasjonen bygges rett nedenfor sætrevegen på Høyset, hvor det delvis rustes opp eksisterende vei, og delvis bygges ny (130 m) i samme trasé som rørgata. Ny veg må også bygges fra Gimsdalssetra østover til inntaksdammen (ca 500 m).

Metode

Mal for konsekvensutredninger er fulgt, og sentrale deler av metodekapitlet er hentet fra Håndbok 140 (Statens vegvesen 1995).

Informasjon om området er samlet inn gjennom litteratur- og databasegjennomgang, kontakt med grunneiere (Bernt Ludvigsen og Oddmund Vik) og ved eget feltarbeid 27.06.2007.

Vurdering av virkninger på naturmiljøet

Konsekvensvurderingene nedenfor bør sees i sammenheng med figurene fra oppsummeringen (kap. 7).

Vassdraget har begrenset variasjon i naturmiljøene og er preget av tidligere kulturpåvirkning, som imidlertid har avtatt betydelig de siste årene. To nasjonalt rødlistede arter ble påvist. To lokaliteter av lokal verdi er funnet, en kystfuruskog med mye gamle trær samt en bekkekløft.

Tiltaket fører til en vesentlig reduksjon i vannføringa i elva nedenfor inntaket. Rørgata forårsaker inngrep i marka. Det er ikke registrert spesielle naturverdier som er avhengig av dagens vannføring, men det antas at enkelte vanntilknyttede arter, for eksempel fossefall, blir negativt påvirket. Rørgata vil hovedsaklig gå gjennom trivielle naturtyper. Samlet ansees tiltaket å få små negative virkninger på det biologiske mangfoldet.

Ut fra datagrunnlaget kan ikke minstevannføring vurderes å være av vesentlig positiv betydning for det biologiske mangfoldet. Rørgata bør ikke sås til med fremmed plantemateriale.

INNHOLDSLISTE

1	INNLEDNING	1
2	UTDRAG FRA UTREDNINGSPROGRAMMET	1
2.1	Utbyggingsplanene	2
3	METODE	2
3.1	Datagrunnlag	2
3.2	Vurdering av verdier og konsekvenser	3
4	AVGRENSNING AV INFLUENSOMRÅDET	6
5	STATUS - VERDI	6
5.1	Kunnskapsstatus	6
5.2	Naturgrunnlaget	6
5.3	Artsmangfold	7
5.4	Naturtyper	8
5.5	Konklusjon - verdi	9
6	OMFANG OG BETYDNING AV TILTAKET	13
6.1	Omfang og betydning	13
6.2	Sammenligning med øvrig nedbørfelt/andre vassdrag	13
6.3	Behov for minstevannføring	14
7	SAMMENSTILLING	15
8	MULIGE AVBØTENDE TILTAK OG DERES EFFEKT	16
9	PROGRAM FOR VIDERE UNDERSØKELSER OG OVERVÅKING	16
10	REFERANSER	16
	Litteratur	16
	Muntlige kilder	17

INNLEDNING

I *Forskrift om konsekvensutredninger* av 13. desember 1996, vedlegg I (Miljøverndepartementet 1996) er det oppgitt at vannkraftprosjekt "med årlig produksjon over 40 GWh, eller utbygginger som innebærer en økning av reguleringen i vassdraget med minst 9.000 naturhestekrefter" alltid skal behandles etter plan- og bygningslovens bestemmelser om konsekvensutredning. I vedlegg II står det at "anlegg for produksjon av vannkraft med en investeringskostnad på mer enn 50 mill. kr." skal vurderes for slik konsekvensutredning, i henhold til kriterier i forskriftens paragraf 4.

Sida utbyggingen får en årsproduksjon på under 40 GWh, er det konsesjonskravene etter vannressursloven som gjelder (jfr. paragraf 19). Av krav som stilles der kan bl.a. nevnes fra paragraf 23: "Vassdragsmyndigheten kan kreve ytterligere opplysninger av søkeren og kan bestemme at søkeren skal foreta eller bekoste undersøkelser eller utredninger som trengs for å klargjøre fordeler eller ulemper av tiltaket."

Sida loven er relativt ny (den trådte i kraft 1.1.2001), har det vært begrenset bruk av den hittil, og bl.a. noe usikkerhet når det gjelder hvordan denne typen småkraftverk skal behandles og hvilke krav til dokumentasjon av miljøverdier som skal stilles. I brev av 20.02.2003 har olje- og energidepartementet konkretisert dette. Brevets innhold siteres derfor nedenfor:

Det kongelige olje- og energidepartement (2003): "Småkraftverk - saksbehandlingen. I forbindelse med tre saker om utbygging av småkraftverk har Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet diskutert behovet for faglige undersøkelser i slike saker. De to departementene er blitt enige om at det for fremtidige saker skal stilles krav om en enkel faglig undersøkelse. Undersøkelsen forutsettes å omfatte en utsjekking av eventuelle forerkmster av arter på den norske rødliste og en vurdering av artssammensetningen i utbyggingsområdet i forhold til uregulerte deler av vassdraget og/eller tilsvarende nærliggende vassdrag. Det kan fastsettes en minstevannføring i hele eller deler av året dersom den faglige undersøkelsen viser at dette kan gi en vesentlig miljøgevinst. Det er en forutsetning at det settes en kostnadsramme på 20 000,- kr for undersøkelsen, og at miljømyndighetene sørger for at den kan gjennomføres uten vesentlig tidstap for utbygger. Det forutsettes at NVE legger dette til grunn i sin behandling av slike saker."

UTDRAG FRA UTREDNINGSPROGRAMMET

Det er ikke utarbeidet noe eget utredningsprogram for prosjektet. Rammene for vurdering av virkningene på det biologiske mangfoldet er brevet fra Olje- og energidepartementet (2003) sitert i kapittel 1 og Direktoratet for naturforvaltning (2002) sin høringsuttalelse til prosjektet. Det er spesielt et avsnitt i denne uttalelsen som anses relevant her:

Direktoratet for naturforvaltning (2002): "Dersom utbygger kan dokumentere at den berørte elvestrekningen ikke inneholder spesielle verdier for biologisk mangfold, eller at kartlagte verdier kan ivaretas uten minstevannføring, kan DN være villige til å akseptere en regulering uten minstevannføring på vinteren. En dokumentasjon innebærer en kartlegging av verdifulle naturtyper og eventuelle rødlistearter i

influenksområdet (knfr. DN's Håndbok 13-99) og en vurdering av hvordan naturtyper og rødlistearter vil påvirkes av ulike minstevannføringer."

2.1

Utbyggingsplanene

Det er planlagt inntaksdam på kote 448, evt 457. Dette blir ovenfor Gimsdalssetra, i retning øst. Dammen vil fange opp et nedbørfelt på 10,6 km², og det er beregnet et årsavløp på 23,40 mill. m³/år. Beregnet restvannføring mellom inntaket og kraftstasjonen beregnes å ligge mellom i gjennomsnitt på 130 l/s (opplysninger fra Sykkylven Energi).

Dammen øst for Gimsdalssetra antas å magasinere 200 000 m³. Vi har ikke mottatt nærmere opplysninger om størrelse mv. på dammen. Rørgata blir liggende i dagen. Det er planlagt kraftlinje fra kraftstasjonen til det lokale 20 kV-nettet, som i luftlinje ligger ca 2 km nordvest for kraftstasjonen. Det vektlegges at kraftstasjonen får en utforming som estetisk passer omgivelsene, og det vil bare være en kort avløpskanal til elva.

3

METODE

Selv om det ikke skal foretas noen konsekvensutredning, benyttes her Håndbok 140 for konsekvensutredninger (Statens vegvesen 1995) som metodegrunnlag for å vurdere virkningene på det biologiske mangfoldet. For å unngå forveksling med konsekvensvurderinger etter plan- og bygningsloven, er begrepsbruken noe endret (bl.a. er ikke 0-alternativet omtalt, og "konsekvensvurdering" er unngått som begrep).

3.1

Datagrunnlag

Datagrunnlag er et uttrykk for grundighet i utredningen, men også for tilgjengeligheten til de opplysningene som er nødvendige for å trekke konklusjoner på status/verdi og konsekvensgrad.

Utbyggingsplanene og dokumenter i den forbindelse er mottatt fra oppdragsgiver. Vurdering av dagens status for det biologiske mangfoldet i området er gjort på bakgrunn av kontakt med grunneier (Bernt Ludvigsen), gjennomgang av litteratur og tilgjengelige databaser, samt egen befarig tirsdag 27. juni 2007.

